



Saksframlegg

Søknad om stønad til aktivitetar Bygdedagskomiteen, særskilt tilskot.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Søknad om kulturmidlar frå Bygdedagskomiteen i Fyresdal.

Bakgrunn for saka:

Bygdedagskomiteen arrangerer Byggedagen den fyrste laurdagen i juni kvart år. Det er lag og foreiningar som skal arrangere dette på frivillig basis. Bygdedagskomiteen søker i år som i fjor kulturmidlar, men søknaden er ikkje rett å handsame i samband med kulturmiddeltildelinga for driftstilskot til lag og organisasjonar slik det er no. Ein vel derfor å vurdere søknaden som eit særskilt tilskot. Dei søker om kr 10.000,- og vil prioritere midlane mot aktivitetar/underhaldning for de yngste barna, samtidig som dei ynskjer å skape ein fin dag for alle aldersgrupper. Då summen er 10.000,- må saka handsamast politisk.

I 2024 fekk dei eit tilskot på kr 10.000,- og i vurderinga då var det ynskje om å få dette til eit årleg fast tilskot frå kulturmidlane med verknad frå 2025.

Det var ikkje rom for å auke kulturmidlane for 2025, så det er ikkje sett av pengar til dette føremål i 2025.

Ein har ikkje fått tilgang til rekneskapen for 2024, men vi veit at det einaste dei har av årlege inntekter er plassleige for utstillarar, og at dei ikkje har leigd inn underhaldning dei seiste åra, grunna dårleg økonomi. Det er no komen informasjon om at det er leigd inn underhaldning, trylleshow, med fokus for dei minste, med kostnad om lag kr 7.000,-.

Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035: **Stimulere til frivillig arbeid.***

Byggedagen er ein viktig dag for Fyresdal, og ein flott arena kor dei frivillige i Fyresdal kan vise seg fram, og få litt inntekter. Det er ein dag dei fleste innbyggjarane vel å delta på, og som gir både bulyst og attraksjonskraft.

Det er slik at ein ikkje lukkast med å auke kulturmiddelbudsjettet for 2025, og det var ikkje rom for auke på andre område.

Kulturtiltak under byggedagen er svært positivt, og det er ynskjeleg å stø opp under slike tiltak der det er mogleg.

Det kan sjølvsagt vere mogleg for Bygdedagskomiteen å vurdere å auke inntektene.

Konklusjon:

Bygdedagen er eit svært viktig tiltak for Fyresdal, og bygdedagskomiteen driv med marginale inntekter. Ein ynskjer å stimulere til kulturelle aktivitetar, og vel å løyve kr 7.000,- frå kulturbudsjettet for å dekke utgifter til trylleshow.

Fyresdal kommune utfordrar Bygdedagskomiteen til å sjå på mogleg auke av inntektene.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stør bygdedagskomiteen med eit eingongstilskot til kulturell aktivitet på Bygdedagen med kr 7.000,- med løyving frå 1.260.470 kultur

Fyresdal kommune utfordrar Bygdedagskomiteen til å sjå på mogleg auke av inntektene.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur